


Nye HARDING-ordrar for 80 millionar



Fredag 4. juni 1993 finn vi dette oppslaget med uskedelingen Hans Reidar Kjærland i fokus saman med Svein Arne Sæberg. Han var då marknadssjef for cruise

**Kvinnheringen fyller 40 år tidleg på nyåret 2013.
Torfinn Mykelbust frå Uskedalen var den fyrste redaktøren.
På Torgdagen på Husnes fekk alle ei avis med 40 framsider,
ei framside for kvart år frå 1973 fram til den siste
fredagsavisa i 2012.
Framsidene er alle henta frå juni månad kvart år.**

Her finn vi mykje interessant stoff frå Uskedalen.
Alt i 1973 finn vi Sigrud Wang frå Uskedalen om dirigent for fellesnummeret
på skulemusikkstemne i Herøysundet.

I 1980 vart det sagt nei til turistinformasjon i Uskedalen.
Campingplassen er skilta. Meir trengst ikkje, seier Hordaland Vegkontor.

Jordomseglarten 'Berge Viking' var innom Kvinnherad og Uskedalen i 1981.

I fredagsavisa 4. juni 1993 finn vi eit større oppslag om Harding - ordrar for 80 millionar. Marknadssjef cruise Hans Reidar Kjærland syner stolt fram modellen av tenderen dei byggjer for RCCL. Nokre år seinare finn vi eit stort oppslag om Skipsbyggeri mot straumen, Eidsvik som byggjer ny produksjonshall.

I 2005 høyrer vi om at mange vil bu på sjøkanten, Klubbavikjo på Valen og Uskedalen Brygge i Beinavikjo.

Kvinnheringen med 40 framsider skal ha ros for avisa,- eit historisk tilbakesyn som syner ei avis og ein kommune i stor endring.

uskedalen.no spør: Kva tid kan vi rekna med ei ny bok i seiren Da stod i aviso? Den fyrste boka dekkar 25 års perioden 1973 - 1997. Ein treng ikkje venta til 2023. Det er nok stoff å ta av.

Tekst: Kristian Olav Bringedal